



Referat frå Fortsettande årsmøte

Valldal idrettslag

7. april 2022 kl. 19.30

Sak 1: Godkjenne stemmerett til dei frammøtte

For å ha stemmerett på årsmøte må ein

- vere fylle 15 år i kalenderåret
- vore medlem i idrettslaget minst ein månad

Vedtak: Alle frammøtte godkjent med stemmerett, i alt 17 personar.

Vedtak var samrøystes

Sak 2 Godkjenne innkalling og sakliste

Sakliste på ordinært årsmøte 24.mars 2022 vart ikkje fullført. Iflg Valldal idrettslag sine vedtekter § 17, fotnote 9 kan det kallast inn til fortsettande årsmøte.

Slik innkalling skjer på tilsvarande måte som for ordinært årsmøte, men eventuelt med kortare frist godkjent av årsmøtet. Framhaldande årsmøte kan berre handsame saker som var med i godkjent sakliste for årsmøtet.

Årsmøte 24. mars fastsette nytt årsmøte til 7. april. Det er kalla inn gjennom Storfjordnytt, idrettslaget si nettside og på Facebook

Vedtak: Innkalling og sakliste blir godkjent.

Vedtak var samrøystes.

Sak 3 Konstituering

- Val av ordstyrar – Einar Hoel blir vald til ordstyrar – samrøystes
- Val av sekretær – Monika Høydal Lingaas blir vald til sekretær – samrøystes
- Val av 2 personar til å skrive under møtebok – Per Jomar Nerli og Ellisiv Jarvik blir vald til å skrive under møteboka – samrøystes

Sak 11: Val

Forslag frå valnemnda

Valldal IL – styret:

Leiar:	Turid Løvoll	2022	ny
<i>Nestleiar</i>	<i>Odd Lennart Vikene</i>	<i>2022-2023</i>	<i>vald på ordinært årsmøte</i>
Styremedlem:	Johnny Gjerde	2022-2023	
<i>Styremedlem:</i>	<i>Lars Petter Hauge</i>	<i>2021-2022</i>	<i>ikkje på val</i>
<i>Styremedlem:</i>	<i>Monika Høydal Lingaas</i>	<i>2021-2022</i>	<i>ikkje på val</i>
1.	<i>varamedlem: Børge Heggen johansen</i>	<i>2022</i>	<i>vald på ordinært årsmøte</i>
2.	<i>varamedlem: Liv Marit Indreeide</i>	<i>2022</i>	<i>vald på ordinært årsmøte</i>

Årsmøte Fjord idrettsråd:

Val av utsending til årsmøtet i Fjord Idrettsråd 2022, 2 personar (1 dame – 1 herre):

Turid Løvoll og Lars Petter Hauge blir vald – samrøystes

Fotballgruppe :

Leiar	Remi Uri-Landsnes	2022	attval leiar fotball styremedlem Valldal IL
Medlem	Remi Uri-Landsnes	2021-2022	ikkje på val
Medlem	Frode Myren Døving	2022-2023	ny – samrøystes vald
Medlem	Peder Linge	2022-2023	ny – samrøystes vald
Medlem	Jacek Wilczura	2021-2022	ikkje på val
Medlem	Mari Lilleås Johansen	2021-2022	ikkje på val

Leiar i fotballgruppa Remi Uri-Landsnes orienterer kort om planlagt drift denne sesongen. Gruppa har god økonomi og legg fram eit budsjett med kr 30 000 i minus, dette tilsvarar treningsavgifta. Det blir ikkje kravd inn treningsavgift i 2022.

Litt mindre aktivitet, ikkje herrelag i år. Total nedgang på ca 15 % av aktive i fotballgruppa.

Dato: 20.04.22.

Signatur: Perfoma Jeli

Signatur: Ellisiv V. Janik